

5 år etter at det vart gjeve rammeløyve og 3 år etter første igangsetjingsløyve vert det kanskje noko av prosjektet på Eikelandet.

Som før er planen å byggja 8 småhus, kvart med eit areal på 110 kvadratmeter, men fasadane vert annleis.

Den justerte utsjånaden er no godkjent av kommunen.

Opprinneleg var det Sagvåg Invest på Stord som sto bak og då heitte prosjektet Hardangerfjord Brygge

Det er også no Sagvåg Invest som står bak, men selskapet har ny eigar - Geir Rusten. I førre runden vart husa budt fram for knapt 3 millionar, men det vart ikkje gjennomslag i marknaden. Det blir interessant å sjå om det vert det no.

Rusten er allereie godt på tur med prosjektet, ettersom han har bygd ei 65 meter lang og 5 meter brei kai - den største private brygga i Uskedalen. Det er eit fristande første byggjesteget.

Det heiter i det kommunale vedtaket at neste steg - sjølve byggjinga av bustadane - kan igangsetjast straks.

Ingen har protestert og det er ikkje naudsynt med godkjenning frå andre i styringsverket.

Av Ola Matti Mathisen



Den nye bryggja er imponerande